

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 13.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
093/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Oyémam - Søknad om støtte til å drive sommerbutikk på Knarvik senter

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Søknad om støtte til å drive sommerbutikk på Knarvik senter* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 22.06.2021:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 093/21 Vedtak:

Prosjektet *Søknad om støtte til å drive sommerbutikk på Knarvik senter* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Oyémam er eit Norskregistrert utenlandsk foretak. Bransje: 46.450 Engroshandel med parfyme og kosmetikk. Registrert 25.02.2009. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Verksemda Oyémam sel hudpleieprodukt av sheasmør, produsert og importert frå Afrika. Produkta blir selde blant anna via marknader og nettbutikk. Søkjar opplyser om at sidan marknadane dei vanlegvis deltar på om sommaren og ved juletider er har vore nedstengde grunna pandemien, har dei opplevd stor omsetningssvikt. Søkjar har snakka med Knarvik Senter og kan inngå mellombels leigeavtale for å drive sommarbutikk i ca. 2 månadar i ledige lokale i senteret.

Prosjektleveranse/Målsetting

Det søkjast støtte til leige av lokale, straum, løn til tilsette, enkel og rimeleg møblering i butikken, annonsering i lokalavisene m.t. Det er håp om at prosjektet vil bidra til å auke omsetninga som har vorte råka av restriksjonane grunna pandemien.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Søknad om støtte til å drive sommerbutikk på Knarvik senter	200 000	150 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei

heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet. Fondet dekker heller ikkje driftskostnader.

Søknad om støtte til oppstart får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

15.06.2021

21_Oyemam_Søknad_2021-0054_21 apr 2021

1572661